

Austrheim, 15.09.2022

Til Vestlandsrevisjon IKS
Forvaltningsrevisjon «Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk», Austrheim kommune

Høyrings svar på forvaltningsrevisjon om «kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk»

Kommunedirektøren har i utgangspunktet ikkje nokon merknader til forvaltningsrapporten.

Kommunedirektøren vil gjere merksam på at svarprosenten er noko låg på 33 % og det kan då stillast spørsmål ved om svara er representative. Ein skal likevel ta på fullt alvor dei respondentane som har svara og dei attendemeldingane som er gjeven. Ein lyt arbeide med at det skal vere høgare svarprosent når undersøkingar vert gjort i framtida. Tidspunktet for gjennomføringa av undersøkinga kan ha hatt påverknad på respondentane.

Den strategiske kompetanseplanen er gjort kjend gjennom intranett og kvalitetssystemet. Den overordna planen gjev føringar, men det manglar noko på kartlegging og planar for den ein skilde eininga. Dette blir arbeidd med.

Kommunen har ikkje i dag ein vedteken arbeidsgjevarpolitikk eller arbeidsgjevarstrategi. Arbeidsgjevarpolitikken er ikkje nedfelt i noko dokument og vil bli arbeidd med. Når det gjeld arbeidsgjevarstrategien er ikkje denne spesifikt nedfelt, men kjem fram gjennom lønspolitisk handlingsplan og strategisk kompetanseplan. Ein ser at dette kan gjerast endå tydelegare og nedfellast i ein eigen strategi.

Ein tek med dei merknadene som kjem fram i vurderinga og vil følgja dei opp internt for å bli ein endå meir attraktiv arbeidsgjevar og kommune.

Kommunedirektøren har ikkje merknader utover det som er nemnd.

Beste helsing

Bjørnar Fjellhaug
Bjørnar Fjellhaug
kommunedirektør

